



**Fylkesmannen i  
Hordaland**

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Andreas Lussand Mordt, 55 57 23 68

Vår dato  
23.09.2015  
Dykkar dato  
26.06.2015

Vår referanse  
2015/9274 421.52  
Dykkar referanse  
15/38212

Statens vegvesen Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

**Klage over avslag på søknad om utvida bruk av avkøysle - Veglova - Os - Gnr. 4 bnr. 1 – Klagar: Rolf Terje Bergheim**

Fylkesmannen viser til oversending av 26.06.2015, motteken her 29.06.2015.

**Vedtak**

**Fylkesmannen *stadfestar* Statens vegvesen sitt vedtak av 21.04.2015 som avslår søknad om utvida bruk av avkøysle fra E 39 til ny bustad på gnr. 4 bnr. 1.**

**Bakgrunn:**

Saka gjeld søknad av 24.03.2015 om utvida bruk av eksisterande avkøysle fra E 39 til eit nytt bustadhus på gnr. 4 bnr. 1.

Statens vegvesen avslo søknaden i vedtak av 21.04.2015.

Vedtaket vart så klaga på av Rolf Terje Bergheim i skriv av 12.05.2015.

Statens vegvesen tok stilling til klagan i skriv av 26.06.2015. Klagan vart ikkje teken til følgje og saka vart så sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Vi legg til grunn at vegvesenet og klagar er kjent med sakshistorikken og dokumenta i saka elles. Vi gir derfor ikkje ytterlegare referat av desse her. Fylkesmannen finn at saka er tilstrekkeleg opplyst.

**Fylkesmannen si vurdering:**

Etter veglova § 40 første ledd kan avkøysle fra riksveg i utgangspunktet berre byggjast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningslova.

Der slik plan ikkje ligg føre eller ikkje omfattar avkøyrla, ”[...] må avkjørsle fra riksveg eller fylkesveg ikkje byggjast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret [...]», jf. veglova § 40 andre ledd.

Ordlyden ”nyttast” inneber at ein også treng løyve til utvida bruk av lovlig etablert avkøysle.

Denne saka gjeld utvida bruk av avkøyrsle. Den utvida bruken er ikkje avklara i reguleringsplan eller kommuneplanen sin arealdel. Den utvida bruken er såleis avhengig av løyve frå Statens vegvesen.

Veglova § 40 gir ikkje sjølv retningsliner for vegmyndighetene sine avgjerder etter føresegna. Slike retningsliner er likevel gitt i forskrift av 26.2.1982.

Under punkt 1 står det mellom anna:

*"Medan omsynet til vegen og ferdsla såleis vil kunne tale mot å gi avkjørsleløyve, kan andre overordna samfunnsmål og private interesser tale for at løyve bør gjevast."*

*Dersom eit avkjørsleløyve ikkje vil kome i strid med omsyn som gjeld vegen og ferdsla, herunder først og fremst trafikktryggleik og vegen sin transportfunksjon, skal løyve gjevast. [...] Er det ut frå omsynet til vegen og ferdsla uakseptabelt å gi løyve til avkjørsle, skal søknaden avslåast."*

Som det går fram av forskrifta sitt punkt 4, skal søknaden også vurderast på bakgrunn av rammeplanar. Statens vegvesen har utarbeidd ein rammelplan for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest for perioden 2013-2016 av oktober 2013.

Planen viser kva for haldningar vegvesenet har til avkøyrsler til vegnettet i Hordaland. Planen tar utgangspunkt i 4 haldningsklasser. Den aktuelle strekninga er plassert i haldningsklasse 1 (Raud) som er den strengaste haldningsklassa.

Av omtalen til denne klassen i pkt. 11 går det mellom anna fram at vegen i prinsippet skal vere fri for avkøyrsler anna enn avkøyrsler som er tatt inn i reguleringsplan. Når det gjeld vurderinga av unntak frå denne hovudregelen heiter det i pkt. 12.2 at

*«Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busslomme og fartsgrense 60 km/t eller lågare, kan utvida bruk av avkjørsle godkjennast. Dei tekniske krava til utforming skal stettast. Med unntak av fartsgrense, er dette krav Statens vegvesen ville ha stilt i ein reguleringsplan.»*

Det er såleis eit svært snevert rom for å gi løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle på den aktuelle vegstrekninga.

Statens vegvesen har i si vurdering komme til at utvida bruk av avkøyrsla vil komme i strid med omsynet til trafikktryggleik. Dei har i vedtaket av 21.04.2015 og i oversendinga hit av 26.06.2015 vist til at avkøyrsla ikkje stettar dei tekniske krav til utforming. Den private vegen ned til avkøyrsla er bratt og medfører fare for overvann ut i E 39. Dette kan skape trafikkfarlege tilhøve særleg vinterstid. Vidare kryssar avkøyrsla gang- og sykkelvegen på ein uheldig måte, og busslomma sør for avkøyrsla er også dårlig tilpassa avkøyrsla. Krysset er allereie uoversiktleg som følgje av at den er lang og vert nytta også av bensinstasjonen/verkstaden. Den har pr. i dag også ein del trafikk.

Etter Fylkesmannen si vurdering taler omsyna til trafikktryggleik etter dette klårt mot at det vert gitt løyve til utvida bruk av avkøyrsla. Avkøyrsla stettar heller ikkje dei tekniske krava til utforming. Gitt den strenge haldninga til avkøyrsler i raud haldningsklasse, skal det såleis mykje til for å gi løyve til utvida bruk av avkøyrsle. Etter Fylkesmannen si vurdering er ikkje

klagar sitt ynskje om avkørysle til ny bustad tilstrekkeleg til å vege opp for dei negative verknadene den utvida bruken vil ha for trafikktryggleiken i krysset. Vi er såleis samd med Statens vegvesen sitt vedtak.

Klagar har reagert på at Statens vegvesen har gitt avslag i denne saka, mens vegvesenet har gitt løyve til utvida bruk av avkørysla for gnr. 4 bnr. 33 og for utvida bruk av avkørysla til ER-AN veikro.

For at det skal liggje føre usakleg forskjellshandsaming må Statens vegvesen sitt avslag representer eit unntak frå ein forholdsvis fast og eintydig praksis utan at ein kan gi nokon sakleg grunngjeving for unntaket. Den praksisen det samanliknas med må bestå av tilnærma identiske saker både rettsleg og faktisk. Kommunen har likevel høve til å endre praksis over tid utan at dette inneber usakleg forskjellshandsaming.

Fylkesmannen er samd med Statens vegvesen i at det ikkje ligg føre usakleg forskjellshandsaming i denne saka. Løyvet til utvida bruk av avkørysla for bnr. 33 vart opphavleg gitt i 2006. Retningslinene for vurdering av avkøryslesaker er stramma inn sidan den tid i nye rammeplanar. Sakene er såleis ikkje rettsleg sett samanliknbare. Når det gjeld avkørysla til ER-AN veikro har Statens vegvesen opplyst at denne er i samsvar med dei tekniske krava til avkørsler. Terskelen for å gi løyve til utvida bruk er såleis lågare, jf. rammeplanen pkt. 12.2 ovanfor. Sakene er difor ikkje samanliknbare.

Klagen har etter dette ikkje ført fram.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Andreas Lussand Mordt  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Os kommune              Postboks 84    5202   Os  
Rolf Terje Bergheim    Byvegen 558   5212   SØFTELAND